

Retningslinjer 2026

1. Grunneigar skal ha oversikt over kven som representerer bruket på felles jakt dagar.
2. Ved deling av kjøt kontaktar valdleiar grunneigar. Det er grunneigar sitt ansvar å koordinere kjøt delinga med jeger som eventuelt jaktar for bruket.
I andre jaktrelaterte saker kontaktar valdleiar grunneigar, dersom ikkje anna er avtalt.
3. Ein jakt dag er ikkje avslutta før alt arbeid er ferdig. Det vil seia at alle skal delta i slakting, merking, skjemaføring (sjå punkt 6), rydding, fjerning av slakteavfall og sikring av slakt mot fluger osv.
4. Om ikkje anna er avtalt, skal alle stilla med:
 - Oransje jaktcaps
 - Stor sekk
 - VHF-radio med jaktkanalar
 - Tau, kniv og avfallspose og tøysekk (kjøtsekk)
 - Mobiltelefon

Det er også greitt at ein har med:

 - «Sytråd»/strips til å snøra saman opninga i buken
 - Flag, pose eller liknande til merking av skotne dyr
 - Feltsag
5. Jakt utanom felles jakt dagar skal avtalast med feltleiar Geir Olav Guddal (tlf. 907 94 640). Dette er vanlegvis berre aktuelt mot slutten av jakta. Etter avslutta jakt dag skal leiar informerast, mellom anna for utfylling av «sett hjort»-skjema.
6. Kvar enkelt jeger fyller ut sine observasjonar på skjema/tavle i skuret for «sett og skote». Dette er viktig. Leiar fører opplysningane inn i Hjorteviltregisteret.
7. Fråvær frå felles jakt dagar skal meldast så tidleg som råd til jaktleiar for aktuell helg og til feltleiar.
8. Om ikkje anna er avtalt, pliktar grunneigar å stille med folk på felles jakt dagar. Eitt og anna fråfall er uunngåeleg, men oppmøte vert premiært med kr 500 per jakt dag per bruk.
9. Alle skal yta etter evne.
10. I Guddal jaktfelt jaktar vi berre med blyfri ammunisjon.
11. I Guddal jaktfelt nyttar ein ikkje termiske siktemiddel under nattjakt. Unntaksvis kan dette vurderast ved store problem med «bødyr», og då etter avtale med feltleiar.
12. Unngå å skyte kolla før kalv.
13. Ein skal alltid kontrollere at påskotne dyr er døde. Jaktleiar stoppar jaget, og jeger kontrollerer.
14. Førsteskot mot nakke/hovud er ikkje god praksis i Guddal viltlag.
15. Jaktradio skal vera på frå starten av jakt dagen, før ein tek til å gå.
16. Jaktleiar er ansvarleg og har siste ord. Endringar skal alltid avtalast med jaktleiar. Kvar dag startar med gjennomgang av parole, der ein avtalar kva som kan skytast, radiokanalar, fordeling av jag og postar osv.
17. Tryggleik: Sjå eigen parole på www.guddal.net.
18. Skadeskyting: Sjå eige skriv på www.guddal.net.
19. Jaktdatoar, kvote m.m.: Sjå www.guddal.net.